

Bergensarane med ny basecamp

22.08.2009



Eldsjelar i klatremiljøet i Bergen samla innunder Fjellandsbø tidlegare i sommar. Frå venstre sit Rene O. Sagstad, Peder Kristoffersen, Odd Magne Øgreid, Sondre Svenningsen, Stig Anton Hordvik, Øystein Ormåsen og Birte Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bergensarane aukar for kvart år aktiviteten i det dei kaller eit fjellsporteldorf - området innerst i Uskedalen.

Denne sommaren har dei basecamp i tre omgongar der og camp nummer tre skal avviklast neste helg - frå 28. til 30. august, i lavvo og telt innunder Fjellandsbø.

Det er fjellsportgruppa i Bergen Turlag som står bak denne basecampen og lokkar med diverse aktivitetar og turar i heile området.

Stig Anton Hordvik fortel at dei mellom anna skal bestiga Gygrastolen. For å koma opp på den må dei avvikla 1.100 høgdemeter og klatra litt. Deltakartalet er her begrensa til 12.

Denne begrensninga gjeld også når dei skal gjennom Bjørndalstraversen, som er ein alpin klassikar i Rosendalsalpane.

Botnabreen er eit mål nummer tre. Det er ein lett tilgjengeleg del av Folgefonna som kan by på alt frå lett vandring til bratt blåis.

Her er maksimalt deltakartal 10.

Det blir også ein introduksjon til klatring ute. Deltakarane får låne utstyr og prøve seg i det nyutvikla bolteklatrefeltet ovanfor Fjellandsbø. To instruktørar hjelper til med å henga opp topptau og gjer litt opplæring. Også i dette tilfellet er maksimaltalet 10.

Sundag er det fellestur til Melderskin før heimreise.

Både nye og gamle fjellsportarar er velkomne, understrekar Hordvik.

Av Ola Matti Mathisen